

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 1 2012

Magnar "på Toppen"

Side 4-5

Den nye folkesporten

Side 6

Sambolabo

Side 14

Riddarkonsert

Side 18



Karate på Varhaug

side 2-3



Karate på Varhaug

Bak fv.: 7 navn tatt bort
 navn tatt bort
Midt fv.: navn tatt bort
Foran fv.: navn tatt bort.



C.V. har orange belte.

Forside bilde:
Fra v.: navn tat bort

Nå har eg vore på ei karatetrening. De treng ikkje verta øvegidde; eg har ikkje trena, men berre sett på. Og desse aktørane imponerte meg verkeleg Her var jenter/gutter frå 8 år og oppover i djup konsentrasjon og utroleg kontroll på kroppen.

Hå Karateklubb vart stifta i 2008 med Audrone Sirikova frå Litauen som leiar og trenar. Ho er fødd i 1969, og har drive med karate sidan 1989. Hu

er utdanna ved Litauen Kroppsøving Akademi – LMKA, og har nå budd i Norge i over 4 år.

Då einkvan spurde kvifor ho kom til



F.v. Roy Andre Austrått og Ole Tobias Lode, med Sensei Audrone i bakgrunnen.

Norge, såg ho på vedkomande og sa :”Eg hadde så mykje pengar at eg måtte finna meg eit dyrt land” Men dette var sjølv sagt bare tøys. Då ho først hadde kome til Norge og Nærbø, hadde eg ikkje pengar til å reisa heim igjen, sa ho med eit smil, også dette var berre tull. Audrene er ein skikkeleg spøkefugl, og ho bidreg med mykje god stemning og møje lått og løye på treningane.

Audrone lyder namnet Sensei, som betyr lærar/trenar, på trening. Høflighet og respekt samt etikette står høgt på programmet i klubben. Når ein utøvar kjem til lokalet som vert kalla DOJO. skal det helsast, og det same når dei forlet lokalet. Drakta skal alltid vera rein og fin, og beltet korrekt knytta. Audrone har svart belte (5.dan), noko som er ganske stort innan karate. Ho har delteke i mange meisterskap opp gjennom åra med sær gode resultat:

1990-95 Gull i Litauen meisterskap (kumite)

1995-05 Gull og sølv Litauen meisterskap (kumite og kata)

2008 Bronse i Verdens meisterskapet i Italia (kata)

2010 Gull i Verdens meisterskapet i Polen (kata + Kumite)

2011 Gull i Verdens meisterskapet i Italia

På desse 3 åra klubben har eksistert, har og ein del av medlemmane delteke på fleire arrangement. 3 stk + trenaren i NM i Oslo i 2011 med brukbare resultat. 4 stk deltok og i Vestlandsmeisterskapet i Bergen i april, der Magnar Lode og Ole Tobias fekk ein 2. plass i sin klasse og Roy Andre ein 3. plass. Men det største i fjor var vel VM i Italia, der Roy Andre og Ole Tobias fekk ein fin 5. plass.



Sensei Audrone mottar her en sjekk på kr. 25.000 fra SR-bank sitt gavefond. Banksjef for Sparebank1 SR-Bank Hå, Iris Odland Knutsen stod for overrekkelsen.

Det som imponerte meg mest på treninga var nok roen og disiplinen. Alle, både store og små var lydhøre overfor trenaren når ho instruerte og talde ICHI, NI, SAN, SHE, GO ROKU og så vart det spark og slag med full synkronisering av kroppen. Kjempeflott å sjå på!

Karatetreninga er i gymsalen på Varhaug skule:

Måndag	19.00-20.00	nybegynnar
Onsdag	18.00-19.00	nybegynnar
Onsdag	19.00-20.00	andre
Fredag	17.30-18.30	alle

Det vert starta nye kurs frå januar og frå september (1/2 årige). Men det går an å koma utover året og. Dei 2 første timane er gratis, slik at du kan sjå om dette er noko som høver for deg. Som medlem er du og forsikra i klubben.

Både ved start og avslutning på treningane er det opp stilling framføre trenaren, og då er det oppstilling etter rang (farge på belte): blå, grøn, orange, gul, kvit. Så er det helsingssord på japansk, før det er ”takk for i dag).

Klubben fekk i 2011 kr.25.000 i gåve frå SR-Bank sitt gavefond til å kjøpe treningsmatte for. Dette gjer at klubben no kan tilby ennå betre treningsforhold for medlemmane pluss at de kan arrangere stevne og konkuranser.

Meir informasjon finn de på heimesida til klubben:
Haa karateklubb.no

Liv

**Varhaug
 Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
 Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
 E-post: post@vph.no

NORGESHUS
 Varhaug
 jonharald@norgeshus.no

**AH
 BYGG AS**

BETONGARBEID - TREARBEID
 Møllenvn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi
 v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
 Tirsdag og fredag 9 - 15

Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)

Solarium
 Det er stor helsettevinst med et godt D-tiltinn-nivå
AS Salangen AS
 Dame & herreklipp
 KERASTASE L'ORÉAL
 RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



Magnar "på Toppen" – bruker mykje tid i Snekkerbua si

**Magnar Skretting tek
smilande imot meg
i heimen han og Evy
har hatt i alle år.
Eg får tilbud om
kaffi og nybakt, så
ekteparet kosar seg
med hus og heim og
pensjonist tilvære.**

Magnar Skretting brukar mykje av tida i Snekkerbua si ute. Det er ein dobbel garasje som blei omgjort til snekkerverkstad. Han begynte med treskjerjing før han blei pensjonist, og det var mange flotte treskjeringsarbeid inne i den koselege stova. Ei golvklokke var eit syn, eit praktstykke av eit arbeid. No driv han lite med treskjerjing, men lager flotte bord, stoler med ei snål skuff i, tallerkenhyller som blir selde for å ha kokebøker, barnebøker osv. i, vogger, dokkevogger, klesstativ til dokkeklær og mange andre produkt. Han bruker furu i produksjonen, og tidlegare fekk han kjøpa frå NorDan vindusfabrikk på Moi. Han kjøpte i store paller, og kunne då kun bruka det som var heilt kvistfritt. Material i ein vanleg trelasthandel er oftast for fuktig. Nå må han kjøpa material som hobbyplater i Bygg-Mix butikker, så nå blir det kvist i furua han bruker. Han har produkt både av ubehandla, lakkert og mørkbeisa furu, slik at det skal vera noko for kvar smak. Produkta vert selde på messer helst før jul, og han gjev og vogger og andre produkt til bestemte basarar. Elles er det litt tilfeldig salg som skjer heimanfrå. Eit barnebarn hadde til og med lagt ut produkta på nettet, så han hadde nå begynt med nymotens markedsføring, fortalde Magnar og lo litt.

Bare 15 år gammal begynte Magnar hos Stueland Trevarefabrikk i produksjonen av dører og vindu. Etter 7 år, bare 22 år gammal blei han «headhunta» til Hellvik Kassefabrikk, som det den gong heitte, då dei skulle starte produksjon av dører og vindu. Han skulle vera formann for denne produksjonen, for eigarane på Hellvik var fiskarar og visste lite om dør og vindu. I 4 år var han på Hellvik, før han var tilbake hos Stueland 1 år. Etter det var han heile 9 år hos Velux på Gandal, der han og dreiv med vindusproduksjon.

Han begynte så som tømrer hos Gunnstein Valdeland og var med under bygginga av Klokkargarden Psykiatriske Sjukeheim. Han var her i 4 år, og då Klokkargarden var ferdig søkte han stilling som arbeidsleder, og blei tilsett. Han og vaktmester Veggeberg var med under heile oppbygginga av institusjonen. Dei laga heile utandørsanlegget, med plener og planting av bed og tre. Det store drivhuset fekk dei av Hå kommune, men måtte riva det ned på Vigrestad, hos Sven Mæland, og byggja det opp igjen på anlegget til Klokkargarden. Her var det Magnar skulle få sin arbeidsplass, og det er herfrå me Varhaugbuar hugasar han best. I drivhuset blant bugnande sumarblomar i flotte farger og i lag med pasientane. På det meste hadde han ansvar for 15 pasienter som skulle ha noko å gjera, og dei produserte sumarflor til heile Jæren og Egersund distriktet med. Eit ektepar frå Egersund kom i alle år til Varhaug og handla rikeleg med blomar. Dei hadde alltid med seg kake og kaffi, som dei kosa seg i lag med dei som var på arbeid. Det var mykje liv og røre i drivhuset, og både leiari og pasienter kunne skøya med det meste. Magnar tykte arbeidet var meningsfylt og kjekt, og han var der i heile 30 år. Det var ei sær gild tid. I fyrstninga var det Ella Christoffersen frå foreninga Sinnsleidendes Venner, som var aktiv under etableringa og oppbygginga av Klokkargarden. Emilie Kramer var den første styraren.

Faren til Magnar gifta seg igjen ei tid etter at den første kona omkom ved ei togulykke, så Magnar vaks opp i en syskenflokk med 5 gutar og ei jente. Magnar har fått tomt og bygt hus på heimegrunden på Toppen. No ser dei at utbygging og nye hus kjem innpå dei på alle kanter, men det tykkjer dei er heilt greit. Utviklinga kan ikkje stoppa opp, som dei seier.

Magnar er snart 82 år, og han og Evy har 5 barn, 4 jenter og Pål som bur på Varhaug i nabohuset. Dei kan gleda seg over 15 barnebarn og 4 oldebarn, og tykkjer dei har det godt. Evy hadde sitt arbeid på Hå sjukeheim sidan den starta til hu gjekk av med pensjon. Nå bare gled dei seg til våren og hagearbeid på den 1 mål store tomte. Magnar hadde for ei tid sidan ein ryggoperasjon, så når han berre får begynt å bevega seg litt meir ute eller sykla litt på trimsykkelen som står klar, ser han lyst på tida framover. To av brørne til Magnar hamna i Drammen-distriktet. Nå er det tur til Drammen og 80 års dag, det første som står på programmet for ekteparet. Det gled dei seg til.

Me seier takk for ein gild samtale, og ynskjer god sumar!

Inger Haugstad



Geocaching - den nye folkesporten?

Geocaching er naturopplevelser, skattejakt og teknologi i skjønn forening - en internasjonal aktivitet som kan sammenlignes med orientering. Rundt omkring i det ganske land er det gjemt over 18.000 (!) cacher – også kalt skatter eller turbokser.

Ved hjelp av GPS-mottaker og internett skal en finne frem til disse boksene og registrere funnet på internett.



Et funn!

Geocaching driver en med i sitt eget tempo, alene eller sammen med familie og venner. For noen går det «sport» i å finne så mange bokser som mulig, for andre er det mer det å få oppleve nye og spennende steder som er drivkraften.

Det finnes forskjellige typer turbokser. Noen er små og inneholder bare en papirremse til å logge funnet på, andre er større med forskjellige bytteting i f.eks. mynter, småleker, nøkkelring – veldig populært blant de yngste...

For bare få år siden, var det bare 1 cache her på Varhaug, og det var ikke mange aktive geocachere. Nå finnes det i overkant av 30 cacher bare i Varhaug sentrum – og vi er ganske mange flere som er ute og jakter. Husker godt da det ble «sluppet» 18 nye cacher i og rundt Sveineskogen. Sjelden har det vært så mye aktivitet inni de dype skoger! Når nye cacher lanseres, våkner nemlig geocacherne til live. For mange er det om å gjøre å være den første til å finne en ny cache – i tillegg til heder og ære vanker det som regel et sertifikat/diplom til førstemann – et såkalt FTFC (First To Find Certificate).

Innimellom all jaktingen samles «geofolket» for sosiale treff - ofte med lansering av nye cacher. Hvis du synes geocaching høres spennende ut, kan kanskje et slik «event» være en god start?

«Jæren 2012» går av stabelen 17. mars!

Det koster ingenting å begynne med geocaching, men du må registrere en bruker på www.geocaching.com for å kunne søke opp cacher og logge funn etc.

www.gcinfo.no er en bra nettside om geocaching i Norge med bl.a. statistikk og god informasjon om hvordan du kommer i gang med sporten.

Så neste gang du ser en voksen person høyt oppe i et tre, eller kravlende på alle fire med hodet inne i en busk; det kan kanskje være en geocacher på sporet av neste turboks.

Hilsen

geocacher famjak

PS: for mer informasjon om «Jæren 2012»: <http://coord.info/GC322QQ>



La hagen blomstre

Våren er her (i alle fall snart), og da kommer også de grønne fingrene fram, og hagen skal blomstre.

Styret i Varhaugbuen ser at bladet går godt økonomisk, alt unntatt trykkeriarbeidet skjer jo på dugnad. Vi har drøftet dette, og synes at det kan være en god ide å invitere til en konkurranse, - da kan vi få brukt noe av overskuddet på å oppmuntre til å sette Varhaug i bedre stand. Tanken er å invitere hageeiere til en konkurranse om beste hage! Dette skriveriet er bare en liten start, en hilsen til glade hagefolk. I neste nummer av Varhaugbuen som kommer rett før Varhaugmarken 1-2.juni vil vi komme tilbake med mer informasjon.

Etter en samtale med formannen i Hå Hagelag ligger det an at konkurransen kan få dommere med godt hageskjønn, og som ikke er inhabile i forhold til Varhaugfolk. Vi satser på en fra Nærbø og en fra Vigrestad!

Men skal det bli konkurranse om Varhaug's fineste hage, så må vi ha deltakere. Og da spør det om hageeierne våger melde seg på selv, vi er jo ganske beskjedne på egne vegne de fleste av oss. Kanskje vi kan be dere som er naboer til de beste hagefamiliene i Varhaug om å melde på naboen?

Og premie skal det bli, slik at de aller peneste hagene blir kronet med kroner som kan brukes til å få hagene ennå bedre!

Tida for konkurransen vil bli første del av juni, kanskje offisiell konkurranseoppstart kan skje på Varhaugmarken?

Vi har ikke drøftet hvordan påmelding skal skje, uansett skal vi love å holde navn så konfidensielt som mulig. Kanskje kan en E-post til Varhaugbuen være en enkel måte å melde seg (eller naboen) på? (post@varhaugbuen.no)

Med hagehilsen fra Per-Arvid



**Frå
redaksjonen**

Kva var eg oppteken av i fjor på denne tida. Eg finn fram første nummer av Varhaugbuen for 2011. Jau, då hadde det jo vore VM i Oslo med dei flotte resultatata, og flotte resultat frå skiskyttinga, var det ikkje i Russland tru? Ja det siste skal me ikkje snakka så mykje om nå, for i Rypholding vart det vel mykje, bom, bom, bom.

Her om dagen trudde eg det vart tidleg vår. Veret vart så fint at det gjekk an å sitja i sola, om ein hadde varme klede på. Men så snudde det om med vind i styrke 20 frå sydaust. Så vart det ein fin dag igjen, men kva ser eg i dag; litt kvitt på kvelvene og med varsel om vindstyrke 22!! Og med berre nokre få grader +, vert det ganske kaldt i dagane som kjem. Men dette er jo ikkje uvant ver for oss. Det er berre det at med ein gong det vert litt sol og vindstille, så vert det som i songen: "Så trur ho på vår med ein einaste gong". Men veit jo alle at me må berra finna oss i det som kjem, enten det er sol eller vind. Berre me slepp regnet, som me har hatt så alt for mykje av dei siste månadane, så er det vannari med resten.

Som vanleg legg med ved ein giro i første Varhaugbuen av året. Eg vil her på styret sine vegne seia takk for alle bidraga me har fått tidlegare. Det tek eg som eit teikn på at de likar bladet vårt.

Som de vil sjå annan stad i bladet, er det mykje som skjer, og skal skje i sentrum i tida som kjem. Godt at "ghost street" snart er noko som var.

Når bladet kjem ut, er det ikkje lenge att til påske. Eg vil ynskja alle ei fin påske!

Sjolv skal eg til Ungarn på spa-ferie, og det ser eg verkeleg fram til!

Liv



HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E-mail: runeo@hrd.no



Varhaug Servicenter AS
Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug
www.varhaug-servicenter.no



Utedo og filterfri South State

- Varhaug anno 1962

Dei aller fleste av oss som starta å ta til oss bokleg lærdom, kvalitets- og disiplininformidla gjennom fru Ånestad og fru Rannestad på Varhaug skule hausten 1969, er i ferd med å passere 50-års milepålen. Ikkje allverda til prestasjon, kanskje. Men det er meir enn god nok grunn til å nytte høvet for ein slik ein som meg. Ein raring som er skrudd saman litt meir historieinteressert enn ein snitt-jærbu. Eg tillèt meg difor, på vegne av alle jubilerande varhaugsbuar, fødte i 1962, å presentere eit lite mimrebidrag denne gongen.

Lie, Gerhardsen og Wøhni

I 1962 var det nett slutt på rasjoneringa av bilar i Norge. Einar Gerhardsen var statsminister og suveren landsfader i si tredje regjering. Sjølv om mange meinte at det var Arbeidarpartiet sin bråsinde og mektige generalsekretær i rutete flanellskjorte, Håkon Lie, som sat ved det eigentlege roret.

Landbruksministerens gjøren og laden var viktig for varhaugsbuen då, som no. I 1962 var ministeren ein heradsagronom og lærar frå Lebesby i Finmark, Einar Wøhni. I Norge debatterte alt då det politiske miljøet om Norge burde bli medlem av det økonomiske samarbeidet i Europa, EEC.

Krise på Cuba

Avtalen om nordisk samarbeid, Helsingforsavtalen, vart undertekna dette året. Avtalen handla om fred og økonomisk samhandling. Ein annan stad i verda skjedde det motsette av samhandling og fredstrygging. Sovjetsamveldet sine svært så frimodige planar om å plassere ut atomrakettar på Cuba, førte til den såkalla Cubakrise. Varhaugs innbyggjarar sat nervøse framføre radioapparat og fikla med søkaren på Tandberg-apparaturen med høg puls og sveitte fingrar, medan Kennedy la inn på ein heilamerikansk Spearmint, bretta opp skjorteermene og synt Krustsjø US-musklar. Hardt vart sett mot hardt. Så nær har me aldri vore ein tredje verdskrig enn desse nervepirrande dagane i 1962, før dei Sovjetiske lasteskipa med kurs mot Cuba og ragnarok plutselig og heilt uventa fekk ordre om å snu.

Elles er det vel den tragiske gruveulukka på Kings Bay på Svalbard, den saka som vakte størst nasjonal merksemd for 50 år sidan, i 1962.



78-plater og handelslagsfrys

Heime på snaue Jæren styrte vår foreldre- beste- eller oldeforeldregenerasjon med sitt kvardagsstrev. Me hadde ein radio heime. Det polerte møbelet stod på eit tilhøyrande kabinett attmed divanen og divanteppet. På Norges einaste eterkanal var det råd å høyre Søstrene Bjørklund, Halfdan Heggton, Rolf Kirkvaag, onkel Laurits, Alf Prøysen, pausemelodi, landbrukshalvtimen og Kåre Fostervoll. Mange hadde gjerne ein platespillar inni kabinettet. Lydspora var i hovudsak rilla inn i 78- plater, såkalla steinkaker. Jens Book Jensen knitra fløyelsmjukt og sveiv i ein svimlande fart og akkompagnerte mødrene våre som bakte brød eller sydde rullepølse på kjøkkenet. Kjølenskap var for dei få og kondisjonerte. Me leigde ein fryseboks på stasjonen. Det kalde rommet der bygdefolket kunne leige boksar, vart administrert av Handelslaget.

Råning anno 1962

Heime på Jæren og Varhaug hadde far min vore bonde i to år. Det skulle enno gå 4 år før han tok lappen og kjøpte sin første Opel. I staden gjorde ein Tempolett-moped med trøer nytta. Han og kollega Gustav Løge (som budde i huslyden Dyngeland sin tidlegare residens ved Leksaren) hadde ein råne på deling. Når tida var inne for rånebesøk til purkene sine, jaga Gustav det bustete svinebeistet ned Kydlandsvegen, gjennom Prestekrysset, ned Buevegen, opp Djupholsbrua og heim.

Hest og kjerre eller sykkel eller moped eller motorsykkel dominerte når bøndene var ute i eit eller anna slags ærend på dei smale vegane, som enno ikkje hadde fått oljegrus eller asfalt. Jæren såg annleis ut. Steingardane var meir dominerande sjølv om dei var handlødde og soleis både lågare og smalare enn dei som blir lødde i dag. Tre og livdhekkar var mest fråverande. Straumen vart frakta i syngjande og plystrande luftliner, og straum til ei kvar tid, særleg i uver, var ingen sjølvfølgje i 1962.

Brylkrem og hatt

På gardsbruket på Komlavodl, Tjelmsenga, i Dubland eller Marsteinsbakken var det gjerne 8 – 10 kyr, fire purker, ein flokk med høner, 20 vinterføra sauer og ein hest eller to. Fjording eller Døl. Nokre få hadde traktor i tillegg til merra. Ein Volvo Buster, ein Gråtass, Ford Dexta eller ein Massey 35. Mesteparten av vinterføret vart framleis tørka på hesjer. I tillegg til gras, poteter og grønsaker til huset, vart det dyrka rotvekstar som nepe og kålrabi.

Stasjonsbygda var lita og snau. Folk som budde på stasjonen, som mormor og morfar, hadde villagris og uthus med utedo. Mødrene gjekk i stakk og var heime. Dei stelte hus utan lavkarbooppskrifter, mikrobølgjer, tørketrommel og eingongsbleier. Mannen brukte Brylkrem-impregnert hatt og rulla finsnitta tobakk frå Tidemann. Laurdagskvelden og søndag unna han seg gjerne filterfri South State og stilte på kyrkjebakken eller familiebesøk i oppsett med dress og slips. Varhaugsbuen som budde i stasjonen arbeidde 6 dagars veke på jernbanen, i e-verket, på kommunen eller hjå Stueland eller i Tjemsland Møbelfabrikk.

Det har runne ein del vatn og silosaft gjennom Reiestadbekken sidan varhaugsbuane av 1962-årgangen lyseraude og avkledd møtte Varhaug og Jæren med sprikande tær og skræmde vræl. Kanskje eg får høve til å mimre meir ein annan gong? Gleda ved å sjå seg tilbake aukar visst med åra, har eg lært. Kven som lærte meg det, kan eg ikkje minnast. Kanskje var det den første pedagogen i mitt liv, fru Ånestad i 1969?

Sjur

Årsmøte Vennelaget for Lensmannsgarden



Tid: tysdag 20. mars kl. 19:00

Stad: løa til Kari og Lars
Nord-Varhaug på Reiestad.

For meir informasjon sjå
www.lensmannsgarden.net

På vegne av styret i vennelaget,
Hans Vigleik Jakobsen

Årsmøte Varhaugsbuen

Varhaugsbuen har årsmøte på Internatet mandag 16. april 2012 kl. 19.00. I tillegg til eigarlaga, vert dei frivillige som har ruter for utlevering av Varhaugsbuen invitert til å vera med oss og få eit sosialt samvær og god mat. Dette som ein takk for den innsatsen dei har gjort og gjer for Varhaugsbuen.



Oppdatering: Kva skjer i Varhaug

I Stuelandsbygget er det planlagt opning av apotek i sommar, innreiing av lokaler startar i desse dagar. Namnet er Ditt Apotek Jæren, det er tilknytta Ditt Apotek kjeden. Heile 1.eta. er nå utleigd men det er ledige lokaler i 2. eta

Varhaug hudpleie- og fotterapi (no i 2. etasje i bankbygget) skal denne månaden flytta inn i 2. etasje i Stuelandsbygget.

Sentrumsgården, gamle Coop- bygget, skal byggjast ut i nord over parkeringsplassen. Her kjem 30 terrasseleiligheter på 60 – 114 kvm fordelt på fire etasjer. Gamla lageret skal verta parkering i to etasjer. Dette arbeidet starta når det er selde ca 20 leiligheter, 9 stk er selde nå. Det skal seinare opparbeidast grøntareal på det sør-vestrehjørne av tomta.

I desse dagar pågår innreiingsarbeid for å ta imot nye aktivitetar i 1. etasje. Her kjem det Kafè, Apotek, Frisør/hudpleie, Blomster/interiørbutikk, Butikk for sport og fritidssklær, Lekeland ca 400 kvm i 2 etasjer, gratis å bruka den fyrsta tida. Målet er opning før Varhaugsmarken dvs. første helg i juni, og kanskje kjem det luft i dei blå ballongane, viss Turid, Kirsten, Liv med fleire får "Ein stad å vera" i dette bygget?

Reiestadmarka og rundkjøring ved Esso.

Utbyggjarane er i innspurten med utbyggingsavtale med Hå kommune og forventar oppstart av opparbeiding av veg, vatn og avløp sommaren/hausten dette året. Måler er at bustadbygginga kan starta våren 2013.

Bratlandsmarka er snart ferdig utbygd. Det er att tre bustader og tre småblokker med 18 leiligheter i kvar.

Varhaug

Løa på Lensmannsgarden er no ferdigbehandla hjå Fylkesmannen. Vennelaget planlegg oppstart på vidare dugnadsarbeid i mars/april.

Rådhuset skal etablera brakkerigg for fleire kontorplassar i nordre enden, mellom bygget og parkeringsplassen

På Klockargarden fortsetter dei med utvidelse, i løpet av sumaren er det planlagt oppstart på Vinkelbygget, 3 etasjer med i alt 1600 kvm. Hus D skal rivast for å gi plass til dette. Reguleringsplan for område skal opp til politisk sluttbehandling denne våren.

Reguleringsplan for området ved Varhaug skule er tydelegevis ikkje høgt prioritert. Vedtak om oppstart på denne reguleringsplan vart gjort 23.03.2008. Nytt høyringsforslag er planlagt utsendt dette året.

Tjemslandsmarka Industriområde er nå ferdig undersøkt av arkeologar, i 2012 skal det planleggast og regulerast, det vert ikkje igangsatt opparbeidingsarbeid dette året.

Gang/sykkelvei Tjemslandsmarka/Skrettingland. Her vert det og planlegging og regulering og ikkje igangsatt opparbeidingsarbeid dette året.

Bankbygget Sluttforhandlinger om salg av BANKBYGGET pågår. Nye, lokale eiere ser interessante muligheter for bygget og området, på såvel kort som lang sikt

*Varhaug, mars 2012
Jon Harald Håland*



Jordbruksredskaper

Det har kome ein god ide om å plassere "eldre" jordbrukredskaper rundt om i Varhaug.

Det kan være alle slag redskap, som er tenkt festa på steinblokker.

Ein har vore i kontakt med privatpersonar og Hå Kommune om mulige plasser til å plassere desse. Det har bare vore positive tilbakemeldingar. Detaljer/plassering vil verta avklart når ein har redskaper.

Skulle du ha noko som kunne passe, så er det bare å ta kontakt med:

Varhaug Bondelag v Ole Andreas Aarsland telefon 41925355
e-post: olean@hesbynett.no

eller Arnstein Skretting telefon 99607968 epost: arnstein-skretting@lyse.net

Åpent hus - Flinkfoto

**Søndag 25. mars 2012
kl 12:00 til 16:00**

Ta med familien innom, vi har ballonger til alle barna som kommer.

Katrin Jonsdottir driver fotostudio opp på loftet i sitt hus på Eikevegen 10A, på Varhaug. Hun tar bilder av barn, konfirmanter, familier og så videre. Dere kan kikke innom og se studioet til Flinkfoto, se på bilder og ha litt prat med fotograferen.

Vi håper mange kan komme innom og ha en litt kjekk dag med familien sin seier Katrin.

mer info: www.facebook.com/flinkfoto



Nytt frå Lerbrekk skule

Årsmøte vert
torsdag 22. mars 2012 kl 19.00

Grillkvelden vert tors-
dag 9. august kl 18.30

Graudafest torsdag 6.12. kl 19.00.

Juletefeste 4. juledag
fredag 28. desember kl 18.

Sundagskafeen held fram og
neste åpen kafe er
sundag 1. april kl 14.00

Kom innom og få nylaga vaf-
fel og kaffi og godt drøs.

Det er kjekt.

Bokkafe på biblioteket Varhaug

Torsdag 3. mai og 7. juni vert
det bokkafe på Varhaug.

Leseentusiast og bokbloggar
Astrid Terese Skjeggerud
presenterer gode bøker for vaksne.

Jæren Symfoniorkester

har saman med Frøysang,
konsert på Klepp Ungdomsskule
søndag 25. mars kl. 19.00



Strikkekafe

Det vert strikkekafe igjen
mandag 7. mai kl. 16.30





Varhaug Bygdeungdomslag

Varhaug Bygdeungdomslag ynskjer alle takk for sist og godt nyttår. Me har eit spanande år i møte, med nye moglegheiter og utfordringar. Sidan sist har det skjedd mykje. Sist utgåve av Varhaug Buen kunne me fortelja om Grill kveld, spille kveld og quiz. Månadane etter dette har me fått mykje bra respons og etter ein fest på Time BU så har me fått heile 16 nye medlemmer! Så no er me ikkje langt unna målet med 100 stk. Dette gleder oss!

I tillegg har me ”pussa opp” internatet. Me samla ein jeng på 12 stk, så var me heldige og fekk sponsa maling sjå STO, for til å mala den kjedelige trappe oppgangen på huset. Fargen blei mint grøn, ein fin og spenstig farge.

Elles vil me takka Liv og jengen for at dei lagar Varhaugsbuen slik at alle organisasjonane på Varhaug får anledning til å visa seg sjølv i eit positivt og seriøst forum.



Nest leiar Gunnar, saman med kompisane prøver å laga pepperkake hus.

JULE-LAGE DAG 10 desember:

I år som i fjor, samlast små og store på Ungdomsskulen for å laga jule pynt, jule kaker og graut. Dette er i ferd me å varta ein fin tradisjon. Over 20 stk møtte opp, fleire av desse var ungar. Det blei laga brune pinnar, pepperkaker, pepperkake hus, marsipan figurar, risnøtter og kakemenn. Nokon av mannfolka som møtte opp syntest at dei var for ”karsligge” til å baka, dei blei plassert i kantina med ei kanne kaffi og nybakte kaker. Dette gjeld forøvrig ikkje Olav Varhaug som klora på døra med forkledet på når me opna dørene klokken 12.



God blanding: Johannes Egeland, Thomas Nærland, Marit Wiig, Svein Arne Nærland og Per Undheim frå Nærbø, Orre og Time BU er klare for Quiz.

QUIZ PÅ STALLEN PUB:

Fredag 27 januar var det duka for Quiz på Stallen pub igjen. Dette var 8. gong og framleis er den like populær. Når eg kom til stallen pub, var det helt fullt og kunn eit bord ledig, altså.. Bra oppmøte! Marius Lode, som plar å laga spørsmåla stod klar og testa mikrofonen. Det som er kjekt med quizen våras er at du ikkje treng å vera medlem i Bygdeungdomslaget.



Smart gjeng : Kasserar i VBU Lars Aanestad saman med quiz laget sitt.

Så det siste året har det vore fleire bedrifter som har møtt opp og deltok. Me vil halda fram med dette arrangementet annankvar månad. Neste quiz blir Langfredag i starten av april! Ta med deg Venner, kollegaer og skulekameratar ! Grunna alkohol servering må du ha fylt 18 år for å delta.

Varhaug Bondelag



Her kjem litt informasjon om kva som skjer i Varhaug Bondelag for tida:

31. januar var det duket for det årlige Stormøtet i idrettshallen på Varhaug. Dette er eit samarbeid mellom Bondelaga i Hå, Hå kommune og SR-Bank. Her var det god oppslutning, ca 300 møtte opp for å høyre landbruks- og matminister Lars Peder Brekk, lederen i bondelaget, Nils Bjørke og landbruksdirektøren i Rogaland, Hadle Nevøy. Det vart tid til paneldebatt på slutten av kvelden. Talarane fekk utdelt kvar si bok på slutten av møtet, fra bondelaget. Det vart servert lefser og kaffi. Dette såg ut til å falle i smak.

2. februar 2012 arrangerte me fagtur for 10 klasse på Varhaug ungdomsskule. Varhaug Bondelag sponset bussen. Dagen starta med omvisning hos Tine meieri, lunch hos Prima Jæren, omvisning på Miljøgartneriet og til slutt eit gardsbesøk hos Arild Helland, før det bar tilbake på skulen. Me håper at ungdommane satte pris på denne dagsutflukten, som me gir 10 klassingane kvart år. Bondelaget håper at dette var med på å gi ungdommane eit innblikk i nokre av dei forskjellige yrkene dei kan velge i innan landbruket. Me vil samtidig ønske ungdommane lykke til vidare i yrkesvalet.

9. februar 2012 arrangerte me bondekaffè på internatet. Vi inviterte med oss ordførar Mons Skrettingland. Det vart servert pizza og brus. Jordbruksoppgjeret var temaet for kvelden.

17. mars 2012, fra kl 10-12 arrangerer me jerninnsamling på grusplassen ved Varhaug IL. Håper at ALLE som har jern som ”berre ligg og driv”, tek turen nedom oss. Denne inntekta er viktig for Varhaug Bondelag. Difor benytter vi herved anledningen til å takke alle som leverer jernet sitt til oss denne dagen. Som de les i dette skrevet, går penngane til gode formål.

I april skal vi arrangere gardsbesøk, hjå Anette og Roy Kenneth Håland, for 4 trinn på Varhaug skule. Bondelaget sponser grillmaten. Det vert omvisning på garden, der dei får sjå korleis vi steller dyr o.l. Dei får helse på kyr, stuter, kalver, griser, sauer og katter. Dei som vil kan få prøve seg på å leie kalv i band. Det vert også tid til å leike.

Varhaug Bondelag har sendt inn skriv til Rogaland Bondelag angående medlemskontingenten for samdrifter, som me tykjer er for høg. Me meiner at det skulle vore ein makspris. Dei andre Bondelaga i Hå er enige i dette, sjølv om det ikkje er noko gehør for dette sentralt. Men denne saka vil me følge opp under årsmøtet til Rogaland Bondelag, der alle Bondelaga i Hå vil stå saman. Så kanskje dei høyrer på oss då?

Varhaug Bondelag har skrive ein uttalelse til jordbruksforhandlingane. Vi håper at fylkeslaget finn dette inntresant og tek våre synspunkt med vidare i sine uttalelser til representantskapet i mars.

Er det saker de vil at me skal ta opp eller andre tips, er det berre å gi beskjed til styret.

Helsing styret i Varhaug Bondelag



Sterkare kvinner i Sambolabo

Denne overskrifta har eg henta frå siste nummer av Bondevennen. For 50 år sidan starta Bjørn Bue "Rogalandsgarden" i Kamerun. Her har både bondelag og bygdekvinnelag vore ein støttespelar. Mellom anna går alltid offeret i kyrkja på haust takkegudstenesta, som bygdekvinnelaget har hatt ansvaret for, til dette prosjektet.

I høve "50 års jubileet" vart det arrangert ein tur til Kamerun og dei landsbyane der det har vore utviklingsprosjekt. Sidan 2007 har dette vore i Sambolabo, som ligg nordvest i Kamerun mot grensa til Nigeria.

Her kjem nokre klipp frå Bondevennen: "Asta Pauline er ei av U-landsutvalet sine to kamerunesiske medarbeidarar. Ho har arbeidd med kvinneretta bistand i prosjektet sidan 1995 – med gode resultat... Asta fortel at tidlegare kunne ikkje kvinner og menn vera saman eller arbeida saman. Nå kan kvinnene enten samlast for seg, eller delta i møter saman med mennene for å ta avgjersle som angår landsbyen nå og i framtida. Kvinnene dyrkar grønnsaker og har inntekt gjennom heile året. Dei har hatt nytte av prosjektet for å få betre levestandard, og mennene er stolte av det dei har fått til."

Analfabetismen var på heile 90% då prosjektet i Sambolabo starta, men på dette området har det og gått rette vegen. Nå får dei unge gå på skule, og slepp å verta gifta bort som 11 åringar.

PS Dette var ein veldig både interessant og lærerik artikkel i Bondevennen. Nokon lurar kanskje på kva den har å gjera i Varhaugbuen. Men fleire av eigarane i bladet er og med og støttar dette prosjektet. Og som medlem i bygdekvinnelaget, følte eg verkeleg kor gildt det var å vera "støttemedlem" til i prosjektet. Synd eg ikkje hadde høve til å vera med på turen til Kamerun.

Eg vil retta ein stor takk til Jane Brit Sande i Bondevennen, som lånte meg alle desse fine bileta til bruk i bladet.

Liv



Litt frå Varhaug bygdekvinnelag

26. januar hadde bygdekvinnelaget møte på Haugabakke - museet på Klepp. Det var Jærmuseet som hadde invitert lag og organisasjonar til å leggja eit møte dit på grunn av den flotte broderiutstillinga "Sting". Då det planlagde møtet for januar måtte gå ut grunna sjukdom, snudde laget seg berre fort rundt og reiste til Klepp. Utstillinga var kjempeflott, og me kosa oss både med den og god heimebakst. Det var den dagen me fekk det første rennedrevet, men me klarte heldigvis å koma oss heim før det rasa som verst.

Februarmøtet måtte flyttast til 1. mars grunna vinterferie. Me skulle nemleg vera på skulen. Same kveld var det og både bok-kafe på biblioteket og minikonsert i aulaen, og nokre av oss var på desse arrangementa før møtet vårt. Her hadde me vanlige lagssaker og kaffi, før me flytta oss over i aulaen der Lars Erling Friestad ga ei god orientering om Folkepulsen. Det er viktig med mosjon, men om ein ikkje akkurat deltek på dei opplagde programma, er det berre å gå ein liten tur. Det treng ikkje vera så langt, det viktigaste er at ein kjem seg ut.

Neste møte er sonemøtet på Nærbø 14. mars og fylkesårsmøte i Eigersund 16. og 17. mars.

Vårt neste møte vert på Klokkarhagen 26. april. Håper mange vil vera med oss dit, både for å sjå det nye bygget og verta orientert om arbeidet der, av Tove Dubland.

Helsing oss i styret





Hå skulesjakk

Meisterskap i skulesjakk

På Vigrestad speler me sjakk på torsdagar kl 1730-1845. Me held til i "kulturtorget Vigrestad" som ligg ved sidan av Misjonshuset, rett ved jernbanen.

Sidan det er med nokre frå Nærbø, har me starta opp skulesjakk på Nærbø. Det er tysdagar 1730-1845, og speleplatsen er Bø skule. 4-5 gutar og jenter har vært med.

For Vaksne er det tilbod om å kome til Hå kulturorg, Vigrestad på torsdagar etter skulesjakken, frå kl 1900 til 2100. Då er det nokre gubbar som speler.

Fortsatt har me ikkje speling i gang på Varhaug,- men der som nokre vil vera interessert, så vil me starta opp ei gruppe her og. Kanskje i Lensmannsløa?

Vi arrangerte Hå meisterskap i skulesjakk laurdag 3. mars. Invitasjon var sendt ut til alle skulane i Hå. Det var to klassar, nybegynnarar og dei som har spelt ein god del. Arrangementet er gratis for deltakarane, det er søkt om prosjektmidlar frå "Frifond". Opplegget er en samling for deltakarane med introduksjon og nyttige tips for å bli en betre spiller. Deretter speles det 6 rundar, avbroten av ein matpause med pizza og brus, og då er det også årsmøte i skulesjakkklubben.

Det er to store vandrepokalar, ny pokal for dei som har spelt mest vart sponsa av Vigrestad COOP SA. Vandrepokalane vert ståande på den skulen som vinnaren går på, og når elev frå same skule har vunne tre gong, er den vunne for godt. Og så er det 1., 2. og 3. premie i begge klassane og premiar til alle deltakarar. Flotte premier var det!

Det vart 19 deltakarar. 12 nybegynnarar var påmeldte, ein vart sjuk så det var 11 som spelte. I "mester"klassen var det 8. Denne gongen var det spelarar frå Brusand, Sirevåg, Varhaug og Nærbø pluss dei frå Vigrestad. Det var god stemning og ivrige spelarar og foreldre.

Håmester vart Oddmund André Alsåker frå Nærbø. Han vann "mester"klassen foran Guri Høidahl og Elias Aarsland. Beste nybegynner vart Rino Haver Figenschou frå Sirevåg. Han vann nybegynnerklassen foran Johan Gausland Aunet og Ruurd Kuipers.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



Viderekommende, resultatliste Nr. 1 og Håmester i skolesjakk 2012 er Oddmund André Alsåker

Plass	Navn	Skole	Poeng
1	Oddmund André Alsåker	Tryggheim U.	6
2	Guri Høidahl	Vigr. Storsk.	5
3	Elias Aarsland	Vigrestad	4
4	Thomas Vigre Larsen	Motland	2 ½
5	David Løge	Vigr. Storsk.	2 ½
6	Josef Auklend	Vigrestad	2
7	Martin Kvía	Nærbø U	1 ½
8	Ari Mamam	Bø skule	½

Nybegynnere, resultatliste Nr. 1 og beste nybegynner i skolesjakk 2012 er Rino Haver Figenschou

Plass	Navn	Skole	Poeng
1	Rino Haver Figenschou	Ogna	6
2	John Gausland Aunet	Motland	5
3	Ruurd Kuipers	Ogna	4
4	Izaak Sarnecki	Motland	3 ½
5	Arvid Feed Jakobsen	Varhaug	3
6	Oskar Feed Jakobsen	Varhaug	3
7	Morten Hauge Sikveland	Høyland	3
8	Isak Micael Rømo	Varhaug	2 ½
9	Even Nærland Ingebretsen	Motland	2 ½
10	Leif Sverre Gimre Haland	Vigrestad	2
11	Herman Vigre Larsen	Motland	1 ½

Litt frå Misjonshuset

Våren er her kjennest det ut som. Og årsmøtet for Varhaug Misjonshus kjem i mars, torsdag 15 kl 1900. Velkomen.

Som vanleg er det mykje som skjer på Misjonshuset. I 2011 var det 789 arrangement av ulike slag, frå store samlingar som "vi synger jula inn" med 400-500 til stede, og ned til styremøter med 4-10 personar. Årsmelding er under arbeid.

Økonomien er god, sjølv om me har brukt nokre hundre tusen kroner på opp-pussing. Oppgradering av kjøkken og matsal er óg planlagt. Og med den bruken som er, så krevst det stadig vedlikehald og utskifting.

Dugnad er stikkordet, og eit av dugnadstiltaka er eit vaktmesterteam som trår til når noe må fiksast, bl.a. held dei med på å lenke stolane i møtesalen samen på ein betre måte enn leverandøren av stolane hadde gjort. Og så går røyrane til sentralstøvsuger tett av og til, og då er det greitt å ha nokre som kan ordne opp.

Vasking og reinhald går og på dugnad, og der er det store pengar å spare. Stor takk til alle som deltek i ymse dugnadsarbeid på misjonahuset

Det er møteveker og basarar framover, informasjon kan finnast på plakatar og i annonsar, men sjå gjerne på nettsida til misjonshuset: **www.varhaug-misjonhus.no**

Me vil her nemne 17.mai, der det er tradisjon med nasjonalfest på Misjonshuset, sjå egen informasjon.

For Varhaugmarken, som kjem 1-2. juni, vil Misjonshuset ha felles stand med presentasjon av det som skjer på misjn.

Når det gjeld program, så er me i gang med planlegging av felles møteaksjon neste år. Det vert i vekene 10 og 11. Me har fått bekrefta at den eine talaren vert Nils Kåre Strøm. Det jobbast med å få lagt opp til eit såkalla Alpha-kurs, som er ein frisk og spanande måte å jobbe med og setja seg betre inn i fundamenta for den kristne trua. Her håpar me at mange vil vere med.

Det er kontortid måndagar og torsdagar kl 1900-2100, og telefon er 51430808

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing frå Per-Arvid

Nasjonalfest

På Varhaug Misjonshus



17. mai 2012
kl 18:30

Festtale: Dagfrid Bekkeheien Skrettingland
Mat og kaffi
Sang, musikk og underholdning
Oppløsing ved Liv Hobberstad

Ta med familien og kom!!!!

Inngangspenger: kr 50,- pr stk.
Maks for en familie: kr 150,-

Film-klubb



Veit de at det er ein filmklubb i kommunen? Det kostar kr. 100 å vera medlem ½ år, (dei under 18 går gratis)og då kan du gå på "kino" annakvar torsdag kl. 18.00 på Hå kulturorg på Nærbø.

Eg har vore der fleire gonger, og sett mange gilde filmar, men det har ikkje vore så veldig mange frå Varhaug? I uke 11 er det eit unntak på dagen. Då viser ein den jærseke filmen av Torvald Tu "På Brattevoll" der mellom Olav Stangeland frå Bryne er med. Kvar gong er det ei enkel servering før filmen startar.

LH



Riddarkonsert i aulaen

I veke11 var det ein litt annleis konsert på Varhaug skule. Her fekk ein i tillegg til fin fiolinmusikk og sjå riddarar i fargerike kostyme. Lars Ole Bergersen, lærar ved kulturskulen, fortel at temaet kjem frå byen Pecs i Ungarn. Då Jæren Symfoniorkester feira 25 års jubileum, var dei på tur dit i 2007. Der vart Lars Ole, som og spelar i orkesteret, kjent med ein musikkpedagog som presenterte dette stykket. Den passar til elevar i kulturskulen, og elevane i strykarensemble "Orkesteret" tykte og om temaet. Dei tykte og det var spanande "å gjera noko" i tillegg til sjølve spe-

linga. Her var det både hoffnarr og skjønne jomfruer, som gjorde ein fin innsats både som fiolinist og skode spelar. Her var med elevar frå heile kommunen. Konserten vart leia av Lars Ole og kona Solfrid.

Dette var ei gild oppleving, og eg ser fram til neste konsert i kulturskulen. Som regel er det familien til dei som skal opptre, som går på slike konsertar, men dei er opne for alle. Eg har ingen som går i kulturskulen, men går likevel på arrangementa når det høver seg slik. Det har eg aldri angra på.

Liv



Advents cafe i garasjen på Kydland

3.desember var det klart for cafe i garasjen for 3.gong, og me var spente på om det kom nokon - og det gjorde det!

Me hadde ope frå kl 11-16 og stundom var det helst fullt rundt bordene. Det er ikkje akkurat stovevarme i garasjen,men både små og store hadde kledd seg etter forholdet. Snøen uteble dette året, men det såg ut som folk kosa seg med mat og drøs, nokon av ungane leika ute eller var i fjaset å kikka. Me hadde eit variert utvalg av etanes saker, nokon kjøpte og med seg heim bakevarer til å ha i fryseren, hjå andre var der mest spennande med lyn-lotteriet. Med god hjelp av maen, ungane, tantunge og venner både før, under og etter er det bare gildt å cafe - og resultatet vart overvelda over 10.000kr kunne me senda til "Hjelp til Russland" sitt arbeid.- til og med då me henta posten etter cafen låg det brev med pengegåve frå nokon som ønskte å gje til hjelpearbeidet -vil herved bara seia tusen takk til alle som bidrog til det flotte resultatet ! Og vel møtt til ny adventscafe på Kydland første lørdagen i desember!



helsing frå Solfrid

Asle hadde kontroll på lynlotteriet

Flytt sparepengene dine til oss!

Våre åpningstider

Mandag, tirsdag, onsdag og fredag:

Torsdag:

kl. 09.00-15.00

kl. 09.00-17.30

TIME SPAREBANK
- for Jæren

Rådhusgata 3 - Postboks 83 - 4368 Varhaug - 51 79 83 00
www.time-sparebank.no



Invitasjon frå Bjerkreim bygdekvinnelag

Onsdag 21. mars kl. 19.00 er det mannekeng- og blomstershow i Bjerkreim Samfunnshus på Vikeså.

Me lagar ikkje til nokon felles transport, men er det einkvan som har lysst å reisa så ta kontakt med ein i styret, naboen eller ein annan, slik at de kan reisa fleire saman.

Trim - gå ein tur



Tidlegare var me ein gjeng i bygdekvinnelaget som samlast og gjekk ein tur rundt i Varhaug eller andre stader.

Nå har dette lege brakk ei stund, men etter at Lars Erling snakka om Folkepulsen, har det kome spørsmål frå ei dame: **Skal me starta å gå ein tur kvar mandag føremiddag kl 10.00?** Me startar på idretts huset, og Oddbjørg vil vera los. Kom og vær med oss du og.

Oppstart 16. april kl. 10.00

Program for Varhaug bygdekvinnelag i tida framover

Torsdag 26. april kl. 19.30 møtes me i Klokkekarhagen, og får omvisning og orientering av Tove Dubland. Kaffi, opplesing, song/musikk og åresal

Tysdag 22. mai. Me reiser på tur saman med Jærhatten. Her har Ryfylke Livsgnist regien, og det er eit utandørs arrangement; eit vandreteater på den gamle tyskarfestninga på Vignes på 3 timar. Då får me og med filmframsyning og song inni fjellet (ein 90 m lang tunnel) i tillegg til mat; villsausuppe mm. Bindande påmelding!

Det er og høve til å vera med Rogaland bygdekvinnelag til Fjor og Fjære torsdag 14. juni. (kontakt Liv snarast)

Varhaugmarken. Her deltek bygdekvinnelaget som vanleg

Juli er feriemånad

Torsdag 30. august: Basar

Torsdag 27. september: Årsmøte

Så ei lita oppklaring

Så ei lita oppklaring. Varhaug bygdekvinnelag er for alle i bygda. Du treng ikkje bu på gard, ha fjøs eller dyr for å vera med. Før i tida heitte det Varhaug bondekvinnelag, og då var det mest vanleg at det var bondekoner som gjekk på møta. Men sjølv om namnet var bondekvinnelag, så var laget oppteken av det som skjedde i bygda, enten det gjaldt skulen eller andre ting. Etter at namnet vart bygdekvinnelag, håpa ein at kvinner i stasjonen og skulle finna det interessant å vera med i laget.

Alle er velkomne til å koma på arrangementa våre. Er det noko du lurar på, er det berre å ta kontakt med ein av oss i styret.



Sytreff



Varhaug bygdekvinnelag arrangerer sytreff 17. mars på varhaug skule.

Me startar kl 10.00 og kan halda fram til 19.00. Det vert servert kinamat kl 15.00,

ellers står kaffi/kaffimat framme heile dagen. Det kostar 250 kr.

Ring til Marie Aniksdal for påmelding: 91532763

Ta med symaskinen og kom!

Coop Varhaug

Oppbevaingsboks

70 liter

kr **149,-**

Viking ullgenser

kr **199,-**

Coop Nice & Soft dopapir

6 pk.

kr **14,90**

Gilde kjøttpålegg

stort utvalg

-40%



Alle våre avdelinger har nå åpent hverdager 8-21 og lørdag 9-18
Velkommen innom!

Internatet

Har hatt årsmøte, og slik er styret: Leiar Kurt Hobberstad frå bondelaget. Kasserar May Helen Skrettingland frå 4H. Sekretær Liv Hobberstad frå bygdekvinnelag. Styremedlem Oddvar Ueland frå bondelaget og Ane Eckhoff Varhaug frå BU.

Internatet har fått kr. 50.000 i tilskot frå Time Sparebank sitt gåvefond, og har vidare søkt om eit investeringstilskot på kr. 100.000 som skal brukast til varmepumpe. Det er eit stort og kaldt hus.

Prosjektoppgåve i 4H

Camilla Skrettingland har valt å pussa opp møteroma til 4H i Internatet som si oppgåve for 2012.

Ei flott oppgåve, som styret i Internatet støttar 100%. Lukke til med arbeidet.



Kvinneforeningsfest

Bygdekvinnelaget hadde fått invitasjon til festen, som var på Misjonshuset 5. mars. Her var det tale av Kristin Fjelde Tjelle, eller kona til den nye presten på Nærbø, som ho vart presentert som. Me var vel 100 damer, både unge og litt eldre, som fekk med seg denne i tillegg til fin song av Linda og Anne Birgitte. Til slutt var det salat, brød, kaker og kaffi i matsalen. Kjempegodt! Verkeleg ei god og gild kveldsstund.

Liv

Varhaugmarken

Tida går fort, nå er me allereie i mars, og 1. og 2. juni er det tid for marken igjen. Grunna pinsen har Jærdagen flytta til denne helga, men me trur ikkje det skal ha så stor verknad. Komiteen jobbar på spreng for å få til eit program som kan vera gildt for dei som kjem. Sit **DU** kanskje inne med ein god ide, så kom med àn!

Sjå litt om Marken på neste side.

50år i NBK

På siste møtet i Varhaug bygdekvinnelag, fekk Malena Bratland - eller Molla - som vel dei fleste seier, hustavle med namn og NBK nål for 50 år som medlem. Molla var leiar i laget i 1969, 70 og 71, og har elles vore ein aktiv medlem i alle år.



Varhaugmarken 2012

Fredag 1. og Lørdag 2. juni er det igjen tid for varhaugmarken. Kommiteen er allerde godt i gang med arbeidet for å få til ein innholdsrik og kjekk marken.

Me hadde i midten av januar allmøte om marken i «gamle posten», der ca 15 personer møtte. Fleire ideer kom på blokk, og nokon arbeides det vidare med. Eit nytt innslag på årets marken er kunstutstilling, som vil foregå i dei gamle lokala til SR-bank. Me har vore i kontakt med mange lokale kunstnarar på varhaug, og samtlige har vore positive til å delta med alt frå knivar og treskjæring til kunstmailing i ulike former.

Marken vil i år foregå sama helga som Jærdagene på Bryne. Både komiteen og deltarane på allmøte var enige om at me held på denne helga og arrangerer marken på samme vis som før. Frokost, varhaugmila, barneløp, og musikk i mange ulike former, er faste innslag i år som før. Det blir og uteserving i sentrum i regi av idrettslaget.

Komiteen arbeider vidare fram mot marken og tek villig i mot innspel av ulike slag. Støtt opp om marken, bygda-dagene på varhaug.

Markenskomiteen 2012

Gordon Bø
Håvard Skretting
Heidi D. Bø
Berit Skretting
Britt Jorunn Berentsen
Jan Christian Vasshus
Frank Håland
Morten Tjemsland



Foto: Asle Haukland

Startbrødet (Bakers)
pr. brød **kr 14,90**

Røde steinfrie druer
pr. kg **kr 19,90**

Gordons spesialpølse
pr. kg **kr 74,90**

Tilbuda gjeld onsdag 14. 3. til lørdag 17.3.

Åpningstider
Man-fre **08.00-21.00**
Lørdag **08.00-18.00**

SPAR VARHAUG



Bedriftsbesøk med bondelaget/ungdomsskulen

**Bondelaget
v/Ole Andreas Aarsland
skulle på tur med
ungdomsskulen og
inviterte Varhaugbuen med.**

Turen gikk med buss frå skulen, og første stoppe var Nærbø Meieri, der me alle fekk ei god orientering om meieriet og produkta dei lagar. Me vart og orienterte om stormeieriet i Kviamarka. Smaksprøver fekk me og før me drog vidare til Prima Jæren. Her fekk me og ei god orientering om bedrifta før me fekk sjå i slakte/skjære avdelinga. Sjølv om me ikkje var inne i sjølve avdelingane, var det mange som heldt seg for nasen. Dei like ikkje lukta.

Me fekk god lunsj der, før me drog over til Miljøgartneriet. Sidan det var så tidleg på året, var det ikkje så mykja som var planta, men der og fekk me sjå oss om og fekk ei god orientering.

Turen vart avslutta med gardsbesøk hos Hanne og Arild Helland. Her var det mykje å sjå både inni fjøset og utanfor. Kalvane hadde kvar sitt lite hus og dei såg ut til å stortrivast. Litt saue hadde dei óg.



Elevane oppførde seg fint, og kom med mange spørsmål til bedriftene. Mange av dei gikk på kva dei kunne tena, om læe plass osv. Men eg trur det var mange som vart forbausa over at bedriftene såg vel så mykje på fråfråvære på skulen som sjølve karakterane.

Takk for at eg fekk vera med.

Liv

Varhaug Skulemusikkorps

Korpset hadde årsmøte i 13. februar. Regnskapet viser en sunn økonomi, med en «trygg» egenkapital. Korpset sin største utfordring en helt klart medlemstallet. Dette er noe vi prøver å gjøre noe med, men fasit-svaret er ikke enkelt å finne.

Årets høydepunkt for korpset var nok «RockHeavy» konserten i november.

Dette var en konsert med trøkk i, og vi fikk med oss gitarister og bass fra kulturskulen, samt Frank Robert Andreasen på vokal

Ellers var det valg av nytt styre, som nå er slik:

Leder:	Kurt Hobberstad
Nestleder:	Kjartan Aanestad
Kasserer:	Elin Aniksdal Johannesen
Sekretær:	Lise Ueland
Matr.forvalter:	Halldis Lie Byberg
Korpsrepr.:	Mary Ueland
Styremedlem:	Sigbjørn Særheim
1. vara:	Sissel Håland
Dirigent:	Lars Ole Bergersen

Dersom noen har spørsmål, eller har ønske om at korpset skal spille noe sted, ta kontakt med leder: Tlf: 905 18 263, E-post: kurt@kvasselvbakken.com

S.M.





Åland - Helsinki - Stockholm

Busstur med Rogalannd bygdekvinnelag

Eg er med i ferienemnde til RBK, og me skal saman med Idereiser AS på busstur til Finland 20-26 juni iår. Me starter i Bjerkreim, pga dei i nordfylket, overnatting i Elverum. Vidare til Stockholm, ferje til Åland og vidare til Helsinki. Etter opphaldet der, tilbake til Stockholm, Sandefjord, Haukelig og heim.

Me har nokre ledige plasser, og det hadde vore gildt om einkvan herifrå hadde lysst å vera med oss.

Prisen er kr. 9.700 pr. person i dobbelrom/lugar og kr. 10.100 pr person i dobbelrom/lugar. Meir informasjon og påmelding til underteikna før 22. mars i tlf 94 13 50 16.

Med helsing Liv Hoberstad

Tettstadkonsert

Slik har kulturskulen kalla elevkonsertane på Vigrestad, Varhaug og Nærbø våren 2012.

1. mars var tida komen for Varhaug sin, og her fekk elevane vist dei frammøtte fin musikk på både piano og saxofon. I tillegg til å læra å spela eit instrument, hadde og elvane lært å ta imot applausen med bukk eller neining. Her var nok dei minste best. Ei gild musikkstund både for elevane, pårørende og andre som hørde på.

Liv



TIPPING
WWW.NORSK-TIPPING.NO

V75 RIKS
TOTO



BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55

Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30
Søndag 10.00 - 22.30



Storkurs i Rogaland

Norges største 4H kurs

Helga 23.-25. mars skal Svala 4H saman med dei andre klubbane i 4H nemda i Hå arrangere årets største 4H kurs.

450 ungar og vaksne inntek då Varhaughallen for å delta på storkurset.

Storkurset er det mest populære arrangementet i Rogaland, vi har plass til 400 ungar + ledere.

Me kan i år som i fjor garantere ei helg med trang soveplass, lange køer og lite søvn.

Men det er ei helg som ingen 4H-ere vil gå glipp av. Kurset er alltid fullt, er du litt treig med påmeldinga kan du risikere å ikke få plass.

Det kjem deltakarar frå heile Rogaland for å lære med å gjera. Hallen vert omgjort til sovesal for deltakarane og kursa vert haldne i nærområdet.

Me vil i år tilby ca 25 forskjellige kurs, hvorav mange med ekstra fokus på landbruket.

som f.eks avløysarkurs, kalvemønstring, mat med havre, hest. Andre kurs som deltakarane skal delta på er leirbuksemaling, golf, energi, mat på bål, på glattisen, tilda sykurs, fotball, volleyball, gapahauk og fotografering for å nevne nokre.

For dei som er interesserte i Gapahauk til Vigre 4H vise frem sitt flotte verk som dei har sett opp i Grødalandskogen. Vi kan tilby karatekurs med ein verdsmeister som instruktør.

I tillegg til å delta på kurs treff ein mange kjente og mange nye venner i løpet av helga.

Gler okke til ei kjekk og lærerik helg i hallen.

Fotoutstilling



Kunst på Varhaug vil herved invitere alle til å sende inn bilete til varhaugkunst@gmail.com. Klasser/grupper kan også levere cd med bilder til Arnstein Skretting.

Det er 2 tema for utstillinga:

Aktiviteten min

Dyr

Me vil stille ut så mange av bildene som mulig, først under Varhaugmarken, og om mulig andre plasser etterpå. Planen er å bestille mange av bildene i A4 format. Ved å levere bilder, gjer ein også si godkjenning til at papirkopi kan brukast til utstilling.

Dersom bilder har blitt manipulert må dette stå med liten skrift på bildet.

Frist for innsending er 5. mai 2012



Varhaug Bedriftsforening minner om årsmøtet fredag 23.03 kl 19:00. Innkalling ble sendt alle medlemsbedrifter i e-post 21. februar. I tillegg fikk de som har oppgitt kontaktperson med mobilnummer melding på sms samme dag.

Påmeldingsfristen er 19.mars, så de som har glemt å melde seg på, kan ennå rekke det. Ta kontakt på 412 76 679, eller finn fram mailen og gjør som det står der!

Har du ikke fått mail eller sms, kan du sende oppdatert kontakt-info til medlemslista, enten til Heidi på 412 76 679 eller til Ingeborg på 932 59 970.

Medlemsbedriftene kan delta med inntil 2 personer på årsmøtet. Vi ønsker alle vel møtt!



Utstillingssalg: 12 900,-



Utstillingssalg: 15 900,-



Opstadvegen 621, Varhaug
Tlf. 51 79 83 10

Mandag til fredag

07.00 - 16.00

Lørdag

09.00 - 13.00

Maskinstasjon:
Skurtresking
Traktor og dumper

Verksted:
Salg av landbruksutstyr
Salg av landbruksdekk/felger
Reparasjon av landbruksdekk
Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim
Kontorveid - 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 46 08 -
Mob. 96 82 84 10 / 97 72 00 68

SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING

**ÅNESTAD
MASKINSTASJON**

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

SpareBank
SR-BANK

Sammen får vi ting til å skje.

Kunst på Varhaug



”Kunst på Varhaug” er ei gruppe laga av Arnstein Skretting. Han inviterte oss med på eit av prosjekta sine. Ville me vera med han å laga Varhaugs største hund ?

Dette haures spanande ut. Me var to representanter frå VBU som møtte opp to tirsdagar saman med Arnstein Skretting, Geir Kydland med ungar og nokre flittige barneskuleelevar. Målet var å laga ei tre hund på 4 meter som me skulle stilla ut ein stad på Varhaug. Dette var ein kjekk og lærerik prosess å vera med på. Hunden står for øyeblikket utanfor biblioteket på barnaskulen, slik at dei som vil kan sjå han. ”Kunst på Varhaug” har ei eiga Facebook gruppe med same navn. Me oppfordrer alle i å melda seg inn, slik at de kan få med dykk kva dei driv på med. Her er ein også velkomne til å ta del i det som skjer.



Ku og gris i tre

Eg har laga ei gruppe som heiter Kunst på Varhaug. Der har eg tenkt at både unge og vaksne kan vera med og laga ”kunst” som kan stillast ut på Varhaug. I lag med Varhaug BU og nokre elevar på Varhaug skule er det blitt laga ein lang hund. I lag med Trekløver barnehage held me på medskulptur i stein.

Eg håper nå å få kontakt med personar som vil vera med og laga skulpturar av ku og gris i full størrelse. Planen er å hogga lerk på Varhaug for så å få det sagt opp på eit sagbruk. Vidare er planen å lime det saman og forme det.

Liker du å arbeida med tre eller har ein liten ”kunstner” i deg, ikkje nøl med å ta kontakt med

Arnstein Skretting mobil 99607968 eller e-post: arnstein-skretting@lyse.net

Seniortreff 2012



22. februar inviterte SR Bank, Varhaug til seniortreff på Kvalbein. Her fekk me orientering om ”Rikets tilstand” av den nye banksjefen Iris Odland Knutsen , musikk av Hå trekkspelklubb, god mat og eit interessant program om ”steiden” av Erik T.Skretting.

Det var veldig mykje snakk om indisk barnarbeid då det nye torget i Stavanger skulle lagast til. Men nå fekk me vita at også i Norge arbeide ungar, heilt ned i 8 års alder, i steinbrot i gamle dagar.

Me var vel ca 100 stk som hadde ein gild kveld på Kvalbein med både allsong og utlodding i tillegg til det andre.

Miljøpris

3.trinn ved Varhaug skule vant miljøpris for ryddig og fint klasserom - dei ynskte å gje pengene til born som trong pengane betre enn dei sjølve. - Ein fredag var eg på vekeslutt og fortalde elevane og lærarar om bl.a barneby eit av prosjekta som HTR driv.



500kr var summen på miljøprisen som

3.trinn gav til arbeid med barnebyen ”vårsol” i Taitsy - der eit av husa skal ha navnet :”Jæren” Tusen takk for at de vil hjelpe ! Solfrid

27. april skal HTR ha basar på Nærbø bedehus!

**Støtt opp om annonsørane våre,
dei støttar Varhaugbuen!**

Stoff-frist

Neste nummer av bladet skal ut før Varhaugmarken, og stofffristen er 14. mai.

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

**Sender du Word dokument
må bildene vedlegges som
egne filer i JPG format.**

Vil du gje eit bidrag til Varhaugbuen?

Som vanleg i det første nummeret av året, legg med ein giro, og så er det opp til deg om du vil yta ein skjerv. Styret vil seia takk for den gode responsen me har fått på denne giroen tidlegare år. Den viser at folk set prisen på bladet, som me i styret og er godt nøgde med. Me vil her gje skrøyd til alle som kjem med tips til bladet og me vil og takka Jærprint på Bryne for det gode samarbeidet Liv har med dei.

40% rabatt på Lady veggmaling!

Kjøp nå!

Lady Vegg 10 - 3 liter

Vanntynnet, løsemiddelfri maling til innendørs bruk som er lett å påføre. Dekker godt, er slitesterk og lett å holde ren.



LADY
VEGG 10
3 liter

179kr

Før 298 kr

Fargerike Halvorsen

Varhaug - Telefon: 51 43 61 00


FARGERIKE
Norges største fargehandel



NB! Utstyret følger ikke med



butikk
www.mer enn du tror.no

Molleveien 2-4 - Varhaug - Tlf. 51 77 14 70